



Harald Dag Jølle
skriv om turar,
utstyr og
turbøker for
Dag og Tid.

FRILUFTSLIV

Axel Heiberg-breen

TUREN

Eg har ikkje opplevd maken. Og det er ikkje berre noko eg seier for å ha ei opning på denne teksten. Eg har nemleg ikkje opplevd maken. Etter fem veker med flatt landskap – og då meiner eg flatt landskap: 700 kilometer over Rossisen i Antarktis – openberrar fjella seg. Fjell på 4000 meter. Fjell som er 4000 meter høgare enn den flata me driv og går på. Og opp mellom desse fjella skal me. Og ikkje nok med det: Me skal følgje Roald Amundsens spor opp dette enorme brefallet. Eg har ikkje opplevd maken, sa eg nettopp og meiner det.

Til høgare ligg Mount Nansen. Det høgaste fjellet. Sjølv sagt, må eg nesten seie. Til venstre Mount Don Pedro Christoffersen. Ikkje eit like naturleg namneval, skulle ein tru. Men Amundsen døypte fyrst fjellet for det meir tidsrette *Håkonshall*. Men så kom «Fram» for å hente sørpolfararane og fortalde at ein norsk-argentinsk godseigar hadde berga ekspedisjonen frå bankerott. Det minste han kunne få i takk for ei slik gåve, var eit stort fjell på ein av klodens minst tilgjengelege stader – eit fjell som berre er nokre meter lågare enn

Nansens og som, når sant skal seiest, er mykje tøffare. Og opp mellom desse to fjella skal me finne vegen vår, til det 3000 meter høge innlandsplatået. Herregud for ei oppleving! Her er naturen så dramatisk at det knapt er mogleg å skrive om det utan å bli svulstig. Difor seier eg som unge entusiastar, når dei fortel om heftige opplevingar i naturen: Dette er heilt rått.

Du kan seie kva du vil om Amundsen – og det er det mange som gjer – men pågangsmotet kan du ikkje ta frå han. Og oppstiginga av breen han kalla opp etter Aksel Heiberg – forresten ein annan kar som betalte for eventyret hans – er så imponerende at eg igjen har problem med å finne ord. Karane og bikkjene brukte berre fire dagar på å finne vegen og frakte dei store forsyningane opp 3000 høgdemeter, i eit terreng som både er sprekkut og bratt.

Hundre år etter kan me følgje Amundsens ord, nærast meter for meter, og treng ikkje å uroe oss for om det er mogleg å finne ein veg opp. Og bra er det – for me treng all den energien me har til å trekkje pulken, nyte utsikta – og gle oss over å vere her!

HARALD DAG JØLLE



Mot øvste del av Axel Heiberg-breen – under Mount Don Pedro Christoffersen.

SITATET

«Den overvælder mig med en slags dump mystik, denne mægtige, hvide bringe, der lader det fine, hvide snefog koge hen over sig; dette ocean af urokkelig ro, der har sit eget urfaste åndedræt, med lugt af gammel hedenskab.»

Knud Rasmussen
om Grønlandsisen



Arne Randers Heen 1905–1991


BIOGRAFIEN

I 1928 var skreddaren frå Åndalsnes for fyrste gong på Romsdalshorn. I 1985 var han åtti år og stod på same topp for 233. gong.

Arne Randers Heen er ein av dei store i norsk tindesport. Han klatra på Grønland, i Alpane, på Svalbard og i Himalaya. I 1929 klatra han sørveggen på Lille Romsdalshorn åleine. I 1958 fekk han, saman med Ralph Høibakk, fyrstebestiging av Trollryggen i Romsdalen. Dessutan var han ein pioner som vinterklatrar i Noreg.

Heen skreiv ei rekkje artiklar om opplevingane sine i fjellet. Han var ei sterk røyst og var lenge oppfatta som ein outsider av det austlandsdominerte miljøet i Norsk tindeklubb.

Heen stifta, saman med kjerriinga si, Bodil Roland Heen, Norsk Tindemuseum i Åndalsnes. Eit museum som vart bygd opp på samlinga ekteparet åtte av gjenstandar frå fleire tiår med norsk klatrehistorie.



I 1951 var Randers Heen fyrste gong på Aust-Grønland. I 1954 var han tilbake og klatra det høgaste fjellet i Stauningsalpane. Det er på 2930 meter og fekk namnet Eirik Raudes tind. Foto: Norsk Polarinstittutt

Fugle-
perspektiv

Raudstrupen, ein gullstrupe.
Foto: Ernst Vikne / Wikipedia

Koret

«Naturen er den eneste katedral som er vid nok», meinte dikteren Hans Børli. Om det er slik, må vel fuglane vere kyrkjekoret.

«Dette songlaget er ope for mange slags røyster og alle stilartar du kan tenkje deg. Kven og kva som læt best, kjem an på øyra som høyrer. Eg held desse høgt: Storspoven, med høge, ville triller over havmyr og strandeng.

Raudstrupen, som fyller kvelden med sirlege jazztonar – kvasse og mjuke på same tid.

Tjelden, med blide vårskrik gjennom snøbyene.

Svartrasten, den sorgmilde treblåsaren.

Nattergalen, meister i alt: styrke, kontroll, variasjon.

Må ei røyst vere stor for å vere kjær? Så visst ikkje. Kva var setra utan putringa til låvesvala? Sjøbua utan jamrande krykkjer oppi veggen? Klungeren utan soltørka skurring frå tornsongaren?

Det er femti år sidan Rachel Carson tende miljørørsla med boka *Den tause våren*. Ei rekkje røyster slit. Lerkesongen har stilna mang ein stad. Korleis høyrer koret ut når femti år til har gått?

SVEIN ARNE ORVIK

Svein Arne Orvik skriv om fuglar for Dag og Tid.



Vil du sende melding heim, eller vil du ha ei ekstra sikring i tilfelle naud, er Nano Shout TS eit 7250-kronersalternativ. I desse dagar kjem òg ein versjon som i tillegg kan brukast på GSM-nettverket. Denne er 500 kroner dyrare.

Naudrop

NYTT UTSTYR

Ønskjer du kontakt med omverda frå dei minst tilgjengelege stadene, er det etterkvart fleire moglegheiter på marknaden. Spot er ein meldingssendar som går via satellitt. Når du trykkjer på ein knapp, får dei heime ei lenke som viser kor på google-kartet du er. Trykkjer du på den raude knappen, derimot, gjeng meldinga direkte til ein naudsentral og ein redningsaksjon blir sett i gang. Spot brukar satellittar som står nær ekvator, og fungerer difor ikkje om du kjem langt nord og sør på planeten. Så om du skal til polarområda eller t.d. segle på finnmarkskysten, bør du satse på Iridium-systemet. Med Nano Shout TS vil du få kontakt – nær sagt frå kor du måtte finne på å dra. Med denne litle handhaldne greia, på 200 gram, kan du òg skrive meldingar undervegs. I tillegg har ho ei rekke programmeringsmoglegheiter, mellom anna ein sporinglogg slik at du kan fortelje verda, med ønskt intervall, kor langt du har kome på ferda.

Feit mat

GAMALT UTSTYR

Mange har nok høyrte om det – at dei før i tida åt pemmikan på tur. Dei store polarfararane, til dømes. Det er vel færre som har smaka det. Og de har for så vidt ikkje gått glipp av noko. Men pemmikan er opphavleg måten indianarane konserverte kjøt på. Som turmat vart pemmikan fabrikkframstilt av mellom anna turka oksekjøt, oksetalg og ulike former for stivelse. Dette gav ei komprimert, haldbar og næringsrik niste – om ho ikkje er sakna i dagens tursekk.



Køyretøyet som har fartsrekord til Sørpolen. 1 døgn, 15 timar og 54 minutt.

Verdas raskaste poltur

REKORDEN

Det er mange måtar å setje ein rekord i villmarka på, ikkje minst i Antarktis. Her finst til og med ein eigen kategori for den raskaste turen til Sørpolen langs bakken. For på kontinentet med dei strengaste miljøkrava i verda blir det stadig køyrt fort med store farkostar.

For eitt år sidan køyrde eit tremannslag med ein pickup-liknande bil – med store hjul og ein motor som etter tilhøva visstnok brukar lite drivstoff – frå kysten og inn til polpunktet, over 100 mil, på 1 døgn, 15 timar og 54 minutt. Rekorden er godkjend av Guinness og er meir enn eit døgn raskare enn den gamle, frå 2005. Dette er

likevel ikkje den raskaste turen til Sørpolen langs bakken – med høgast gjennomsnittsfart. Også det ei Guinness-godkjenning. I 2010 fór eit kasakhstansk lag, med mellom anna ein islending om bord, heile 2308 kilometer i ein Toyota Hilux på 108 timar. Det gjev eit gjennomsnitt på 21,37 kilometer i timen. Lukke på reisa!



Foto: Stein P. Aasheim

Sjølvpålagde lidingar i grisgrendte strok

Innslaget denne veka har ingen ting med lidingar å gjere. Men grisgrendt passar framleis godt. I høve mørketid og det forsøksvise fokuset på dei nære verdiene i jula, har eg henta fram eit bilete av Austfjordnes. Denne vesle fangsthytta på nordkysten av Svalbard var bustaden til familien min i eitt år – mor og far og to jenter på seks og tretten. Det handlar om eit eventyr.

I eitt år levde vi i nærmare kontakt med naturen og i nærmare kontakt med kvarandre

enn nokon gong før. Og aldri kjem vi til å kunne gjenta det. Det var eit eksperiment. Heime har vi alt unnateke tid. På Austfjordnes hadde vi inga tid. Unnateke tid. Heime har vi inga tid til kvarandre. På Austfjordnes hadde vi inga tid utan kvarandre. Det tryggaste hadde vore å bli heime. Da hadde sannsynlegvis dette året blitt som det føregående: heilt greit.

Om eg hadde sagt at dette var noko vi gjorde for pengane, då ville alle ha forstått det. Sjølv

dei mest skeptiske ville ha sagt «stakkars barn», men med den forteneasta er det rimeleg at dei må finne seg i det – det er berre eitt år. Men det er ikkje sant. Vi selde bilen, leigde ut huset, sa opp telefonen og fekk avdragsfri på lånet for å få endane til å møtast. Vi gjorde det ikkje på grunn av pengane. Og likevel fann vi ein luksus bortanfor alle målbare omgrep.

Eg deler framleis livet inn i tida før og etter Austfjordnes.

STEIN P. AASHEIM